



Dette er det aktuelle område som no skal drøftast påny av forvaltningskomiteen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Onsdag skal forvaltningskomiteen igjen handsama saka om frådelling av fire mål på Musland som areal for ein maskinstasjon og tillegg til ein annan eigedom. Grunlaget for saka no er at fylkesmannen har kome med klage på frådellinga. Rådmannen tek ikkje standpunkt til klaga, men overlet saka til politikarane.**

Det er Haldis Myklebust som har søkt om løyve til å dele frå ei tomt frå sin eigedom og forvaltningskomiteen gjekk i juni inn for dispensasjon frå arealføremålet LNF slik at det kan skje. Området har i mange år vore nytta som lagerplass for Myklebust Maskinstasjon og er delvis opparbeidd som lagerplass for maskinar. Arealet mellom eksisterande hytte, bustadhus og kommuneveggen er eigna som tillegg til bustadtomta som er eigd av Sigmund Myklebust. Han skal overta maskinstasjonen.

Fylkesmannen (miljøvernvedeljinga) har mellom anna peika på at frådellinga er i strid med byggje- og deleforbodet innanfor LNF. Dette er administrasjonen i kommunen klar over og svarar at er difor dette vert handsama som ein dispensasjonssak.

Vidare hevdar fylkesmannen at tiltaket vil vere eit skjemmande element i kulturlandskapet. Administrasjonen svarar at det ikkje er snakk om eit nytt tiltak, men ein tilpassing til dagens eigarsituasjon. Området har vore nytta som lagerplass og næringsområde i lang tid, men då som del av drifta på garden. Endringa og verknaden på kulturlandskapet kan administrasjonen vanskeleg sjå blir annleis om eigarane bur på bruk 5 eller 8.

Fylkesmannen hevdar vidare at tomta blir svært stor i høve til dei uklare rammene kommunen har sett for bruk av ho. Administrasjonen har vore på synfaring og viser til at berre 2,5 dekar av tomta skal nyttast til næring. Resten vert lagt til 127/8 som tilleggsareal.

Fylkesmannen viser også til at tiltaket er så stort at dei er svært kritiske til at endringa vert teken som dispensasjonssak, men administrasjonen meiner tiltaket er for lite til å utarbeide reguleringsplan for. Reelt areal til næringsområde vil utgjere mellom eitt og to dekar. Resten er veggrunn, særst bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Rullering av kommunedelplanen er eit stykke fram i tid og ikkje eigna i dette tilfellet.

Til fylkesmannens argument om at det ikkje ligg føre særlege grunnar i saka svarar administrasjonen at det er trøng for vidare drift av maskinstasjonen og at dette er ein næring med lokal tilknytting og lokale røter. Deling vil ikkje endre bruken frå dagens situasjon, men sikre rettane til dagens eigar av maskinstasjonen, skriv administrasjonen i saksførebuinga.

Av Ola Matti Mathisen